



Ole Bjørn Monsen
Galtenesvegen 110
5918 FREKHAUG

Referanser:
Dykkar:
Vår: 21/6904 - 21/52923

Saksbehandlar:
Linda Hammersvik Folkestad
linda.folkestad@alver.kommune.no

Dato:
09.08.2021

Svar på søknad om dispensasjon frå byggegrense mot kommunal veg- gbnr 319/66 og 319/68 Sagstad

Tiltak: Dispensasjon frå byggegrense mot veg
Byggestad: Gbnr 319/66 og 319/68, Dalstøvegen, Sagstad
Tiltakshavar: Per Leonhard Søfteland og Ole Bjørn Monsen
Ansvarleg søkar: Per Leonhard Søfteland

Samferdsel, veg-, vatn- og avløp forvaltning har 09.08.2021 motteke søknad om dispensasjon frå byggegrense mot kommunal veg for oppføring av båtslipp/støypeplate – Gbnr 319/66 og 319/68.



Sakutgreiing:

Informasjon om saka:

Tiltakshavar ønskjer å etablere båtslipp/støypeplate mellom naust på gbnr 31/66 og 68 og sjø. Båtslipp/støypeplate er ønsket etablert over Gbnr 319/5.

Vurdering/drøfting:

Det er søkt om dispensasjon frå byggegrense mot kommunal veg med ei minste avstand frå midt kommunal veg på 14,0 meter. Etter det Samferdsel, veg-, vatn- og avløp forvaltning kan sjå, er minste avstand mellom næraste del av tiltak og midt kommunal veg ca 11,5 meter (sjå kartutsnitt under). Kommunen vel å handsame søknad med minste avstand 11,5 meter.



Alver kommune

Postboks 4, 5906 Frekhaug

post@alver.kommune.no

Kontonummer: 3207 29 30559

Innbyggjarservice: +47 56 37 50

www.alver.kommune.no

Organisasjonsnummer: 920 290 922

00

Tiltaket vil, med ei plassering på 11,5 meter frå vegmidt, ikkje være til hinder for drift og vedlikehald av kommunal veg og grøfteareal.

Etter det Samferdsel, veg-, vatn- og avløp forvaltning kan sjå (ihht matrikkelførte grenser), skal delar av tiltaket etablerast på gbnr 319/5. Samferdsel, veg-, vatn- og avløp forvaltning sett difor krav om at det skal ligge føre rett til å etablere tiltak over anna manns grunn. Denne retten skal være tinglyst. Kopi av tinglyst rett skal sendast inn for registrering i saka.



Matrikkelførte grenser

Samandrag/konklusjon:

Samferdsel, veg-, vatn- og avløp forvaltning finn det forsvarleg å gje dispensasjon for byggegrense mot kommunal veg på vilkår.

Vedtak:

Alver kommune gjev, med heimel i Veglova § 29, dispensasjon frå byggegrense mot kommunal veg på vilkår.

Dispensasjon frå byggegrense mot veg vert gitt på følgjande vilkår:

- Minste avstand mellom midt kommunal veg og næraste del av slipp og platning skal være minimum 11,5 meter.
- Det skal ligge føre tinglyst rett til å legge platning på Gbnr 319/5. Kommunen skal ha tilsendt kopi av denne retten.
- Ei føresetnad for dispensasjon frå byggegrense mot kommunal veg, er at det vert gitt byggeløyve for tiltaket etter plan og bygningslova.
- Alver kommune fråseier seg alt ansvar for skader som oppstår på tiltak som vert plassert innanfor byggegrense mot veg. Dersom det under drift og vedlikehald av kommunal veg oppstår skade på tiltak, er dette kommunen uvedkommande. Eigar av tiltak skal sjølv sørge for og påkoste utbetring av evt. skader.

Klage

Vedtaket er eit enkeltvedtak etter reglane i lov om offentlig forvaltning (fvl) jf. veglova § 11.

Vedtaket kan klagast på til kommunen, jf. fvl. §§ 28-36. Klagefrist er 3 veker, jf. fvl § 29(1). Det er nok at klagen er postlagt innan fristen går ut. Klagen skal sendast skriftleg til kommunen. Klagen skal

grunngevast. Før det kan reisas søksmål om vedtaket er gyldig eller krav om erstaning, må høve til klage på vedtaket vert nytta fullt ut, jf. fvl. § 27b.

Mynde Saka er handsama og avgjort administrativt i medhald av delegert mynde, jf. kommune-lova § 23 nr. 4 og gjeldande delegasjonsreglement.

Med helsing

Alver kommune Samferdsel, veg-, vatn-
avløp-forvaltning

Arne Helgesen
Avdelingsleiar

Linda Hammersvik Folkestad
Ingeniør

Dette dokumentet er elektronisk godkjent og har difor ingen signatur.

Kopi til:

Larissa Dahl

Mottakarar:

Ole Bjørn Monsen

Galtenesvegen 5918
110

FREKHAUG

Per Leonhard Søfteland

Dalstøvegen 54 5918

FREKHAUG